



SÅMANN: Gartnaren Ketil Fuglestad har ei eiga evne til å få ting til å gro; også eit sjølvhjelpsprogram i Sør-Etiopia som nå får formidla sine suksesshistorier på Q-meieriene sine mjølkekartongar. FOTO: KRISTINE STEINSLAND

Sår sjølvhjelp i Etiopia

Ketil Fuglestad får støtte frå Kavli-fondet til Hjelp til sjølvhjelp-programmet i Etiopia. No kjem suksesshistoriene på kartongane til Q.

HJELPEARBEID: Gartnaren Ketil Fuglestad har i fleire år vore aktiv, og hatt suksess med å etablere planteskular i Sør-Etiopia. Frukttre, kaffibuskar og mange andre plantar blir dyrka fram og selt. Visjonen til Fuglestad er å kle landskapet i grønt som gir inntekt og vekst for befolkninga. Men dei siste åra har han også etablert og engasjert seg i eit hjelp til sjølvhjelp-arbeid som no blir gjort synleg på 10,5 millionar mjølkekartongar frå Q-meieriene.

Liten sum gjer ein forskjell

Self to Self Economic Development Association (StS EDA) er det offisielle namnet, men på nestleiarren sitt norske visittkort heiter det Hjelp til sjølvhjelp.

- Vår visjon er å støtte fattige familiar og einlege med startkapital slik at dei kan kome i gang med ein god forretningsidé på heimplassen sin, som dei kan utvikla til ei god inntektskjelde. Når dei får arbeide på grunnlag av

sin eigen forretningsidé, så skapar det igjen stor innsatsvilje, kreativitet og sjølvrespekt, seier Ketil Fuglestad.

Dei mest underlege, små idear har vist seg å vere levedyktige i dei 2,5 åra StS EDA har vore i sving. For 2700 kroner i oppstartmidlar, og 1300 kroner meir etter åtte månadar, så har enkeltpersonar etablert fiskesuppekafé, mobiltelefonladebutikk, små verkstadar, bananutsal, bakeri, eggproduksjon og skopussing. 84 prosjekt totalt, og alle, med berre éitt unntak, har vist seg å vere levedyktige verksemder. Fleire har vidareutvikla og utvida verksemda, og alle prosjekta har gjort ein stor, stor forskjell for dei som har etablert sitt eige levebrød.

- 4000 norske kroner er småpengar for oss, men for desse har det vist seg å vere nok til å kome ut av fattigdomen, seier Fuglestad.

Kavlifondet

Dei norske, økonomiske

bidragsytarane er organisasjonen Plant et tre, 2836 Biri, sangkoret Frimenn og mange private. For åra 2016 og 2017 har Kavli-fondet gitt støtte på 450.000 kroner, og dermed blitt StS EDA sin hovudsponsor. Organisasjonen Hjelp til sjølvhjelp er altså i seg sjølv i vekst og utvikling.

- Pengane gir oss sjanse til å hjelpe mange, mange fleire, seier Fuglestad.

Det er lett å bli fascinert når ein høyrer Ketil Fuglestad fortelje med varme og omsorg om menneska som har fått ein ny start i livet. Fleire av dei er funksjonshemma, enker eller har på andre måtar vanskar i livet som har gjort dei fattige. Men StS EDA har tydelegvis lukkast med å støtte deira pågangsmot i sine metodar.

Kavlifondet har nok også latt seg imponere, og i slutten av august spanderer dei 10,5 millionar mjølkekartongar som skal spreie suksesshistoriene frå hjelpearbeidet i Etiopia.

- Me har erfart at når folk får



LEIAR: Ketema Kamile (t.v) er leiar for StS EDA som her orienterer om StS sitt arbeid på generalforsamlinga 24. februar 2016. I midten møte-leiar Kusse Kushosho, t.h. sekretær på generalforsamlinga Shewa Haile.

FOTO: KETIL FUGLESTAD

ein ny sjanse i livet på sin eigen heimplass så lukkast dei langt betre. Dei flyktar heller ikkje frå fattigdomen og får vanskar med å etablere eit nytt liv ein annan stad, seier Fuglestad som er nestleiar i organisasjonen.

Myndighetene i Etiopia har bestemt at dei må ha ein etiopisk leiar, og det har dei i Ketema Kamile. Han har tidlegare vore president for ein av Mekane Yesus kyrkje i sin synode, og er ein positiv kraft for prosjektet, meiner Fuglestad.

Det er dei lokale leiarane vore som vurderer søknadane, delar

ut støtta og følgjer opp etableringane.

- Må dei betale pengane tilbake?

- Nei, ingen set seg i gjeld. Det er ein rein startkapital, men alle opnar konto i bank for å skjerme desse pengane frå andre i familiane som ønskjer seg ein bit av dei. Me ser også at dersom ein lukkast med ei etablering av ny verksemd, så er det fleire andre som startar. Prosjektet har positive ringverknader i nærmiljøa, seier Fuglestad.

Hilde Garlid

hilde@jbl.no



Norge's
Smarteste
hyttekjøp
simonsande.no

**ENDELIG NOE NYTT
I DET NORSKE
HYTTEMARKEDET**

2 helt unike hyttemodeller er nå lansert for et av de mest solfylte og luneste områdene i de norske fjellene. Skitrekket og opparbeidete løyper er like utenfor hyttedøra, det er vei frem til alle hyttene og hyttene kan utvikles over tid. I tillegg kan dere selv designe hytta slik dere vil ha det på fjellet – med å velge eksteriør og interiør. Dere kan til og med møblere og bestille hytta på nettet. Sjekk ut simonsande.no og Hattevarden.

Fra kun (eks. tomt)

1.290.000,-



Simon of Sande
Byggerier AS
simonsande.no